

Uflaks gjorde slutt på cupeventyret!

02.08.2007



- og så var eventyret slutt....

Etter ein flott Norway Cup-innsats gjekk smågutelaget-93 ut av turneringa i formiddag. Og det var rein uflaks som var årsak til dette. Kampen vart til slutt avgjort ved myntkast. Dette tapte laget, og dermed var cup-eventyret slutt i 8.-delsfinalen.

Gutane spela også i dag ein god kamp mot Herd. Dei hadde overtaket i kampen, men ballen ville ikkje i mål. Dermed stod det 0-0 etter ordinær tid, og det måtte ekstraomgangar til. Då også desse vart mållause, måtte kampen avgjerast ved myntkast. Her var Herd dei heldige, og våre gutter dei uheldige.

- Det er femte gangen vi har tapt på myntkast Norway Cup, seier ungdomsleiar Arvid Nes til Kvinnheringen før han legg til. – Vi må nok heim å trena på mynt og krone!

Tydeleg at humøret er på plass, og gutane skal vita at dei bør vera stolte av innsatsen. Dei går ut av turneringa utan eit einaste tap. Dei spela fem kampar, vann tre, spela 2 uavgjort og kan visa til 9-1 i målskilnad. Flott levert!!

Gratulerer med innsatsen!!

Av Thor Inge Døssland